

NOTAT OM OVERORDNA VA-PLAN, Andahavet / Langøy

Bakgrunn

Detaljreguleringsplan Andahavet / Langøy opnar for bygging av inntil 25 nye naust og 2 bygg for kystfiskeri. På grunn av at det er ulike eigarar innanfor planområdet er det også ulik tidshorisont for eventuell gjennomføring av utbygging. Det er difor tenkt ei samla utbygging av VA-anlegg for vatn og avløp for dei som foreløpig ønskjer å starta utbygging, men med dimensjonering slik at det er råd å kople til fleire til same anlegg i etterkant. I oppstartsmøte vart det diskutert å nytta sjøvatn som sløkkjevatn for brannvesenet, dette ligg til grunn for vassbehovet innan planområdet.

Utbygging av vasstilkopling

Etter samråd med BVA kan ein knytta seg til offentleg vatn. Dette er tilgjengeleg fleire stadar, og det er difor lagt opp til å kople grupper av naust/bygg til vatn på følgande vis:

Andahavet:

- BUN 1 vert tilknytta kum 40929 med Ø 32mm HDPE SDR11 i sjø.
- BUN 2-5 vert tilknytta kum 41028 med Ø 32mm HDPE SDR11.
- BUN 10 vert tilknytta kum 40929 med Ø 32mm HDPE SDR11 frå eksisterande stikk.
- BUN 13 vert tilknytta kum 39024 med Ø 32mm HDPE SDR11 frå eksisterande stikk.
- BUN 18 vert tilknytta kum mellom 110/215 og 110/245 med Ø 40mm HDPE SDR11 lagt i sjø.

Langøy:

Det vert lagt ein felles Ø 50mm HDPE SDR ledning frå kum 37190 med følgande avstikk:

- BUN 19 Ø 32mm HDPE SDR11
- BN 3 Ø 50mm HDPE SDR11 med vidare intern forgreining med Ø 32mm HDPE SDR11
- BUN 21 Ø 50mm HDPE SDR 11 til ny fordelingskum på land, med vidare intern forgreining med Ø 32mm HDPE SDR 11.
- BUN 22 - 26 Ø 50mm HDPE SDR 11 til ny fordelingskum på land, med vidare intern forgreining i grøft på land med Ø 32mm HDPE SDR 11.

Dersom det av praktiske årsakar (f. eks kryssing av veg) er meir hensiktsmessig med tilknytning frå ein annan kum, kan dette eventuelt gjerast etter konkret avtale med BVA.

Utbygging av avløpssystem

Som utgangspunkt er det lagt opp til avløpsanlegg ihht lokal forskrift om sanitært avløpsvatn i Bømlo kommune, med private løysingar. Det fins ikkje offentleg avløpsløyseringar tilgjengeleg i området i

dag. Trykkavløpssystem må installerast og driftast i henhold til VA-miljøblad for dimensjonering (nr 66) og drift (nr 67) samt norsk standard for trykkavløp, EN-NS-1671.

Andahavet:

I området Andahavet må ein leggja avløpsledning utanfor innløpet til Andahavet, mot Helgesbleikja for å finna god nok resipient.

For BUN 1 nyttar ein felles slamavskiljar på 110/302 og trykkavløpssystem med pumpe frå BUN 1. Frå felles slamavskiljar vert det lagt avløpsledning i Ø 75mm HDPE SDR 11 til tilfredsstillande djupne. Ved 110/302 er det tilkomst for slamtømming med bil.

For BUN 2, 3, 4, 5 og 9 og 10 nyttar ein felles slamavskiljar på 110/226 og trykkavløpssystem med pumpe frå BUN 2 ut til felles pumpeledning med BUN1 eller direkte med separat pumpeledning Ø75mm HDPE SDR 11 til tilfredsstillande djupne. Ved 110/226 er det tilkomst for slamtømming med bil.

For BUN 13 nyttar ein felles slamavskiljar på 110/270 og trykkavløpssystem med pumpe. Frå felles slamavskiljar vert det lagt avløpsledning i Ø 75mm HDPE SDR 11 til tilfredsstillande djupne, enten som separat pumpeledning eller ved å kople seg på eksisterande ledning frå BUN 1 / BUN 2. Ved 110/270 er det tilkomst for slamtømming med bil.

For BUN 19 nyttar ein felles slamavskiljar på 110/275 og trykkavløpssystem med pumpe. Frå felles slamavskiljar vert det lagt avløpsledning i Ø 75mm HDPE SDR 11 til tilfredsstillande djupne, enten som separat pumpeledning eller ved å kople seg på eksisterande ledning frå BUN1 / BUN2 / BUN13. Ved 110/275 er det tilkomst for slamtømming med bil.

Langøy:

I området Langøy må ein leggja avløpsledning utanfor Hillersholmen for å finna høvande resipient.

For BUN 19 og BN3 nyttar ein felles slamavskiljar på 110/124 og trykkavløpssystem med pumpe frå BN3. Frå felles slamavskiljar vert det lagt avløpsledning i Ø 75mm HDPE SDR 11 til tilfredsstillande djupne. Ved 110/124 er det tilkomst for slamtømming med bil.

For BUN 21, 23, 24, 25 og 26 nyttar ein felles slamavskiljar på 110/22 og trykkavløpssystem med pumpe frå SV6/GAA2. Frå felles slamavskiljar vert det lagt avløpsledning i Ø 75mm HDPE SDR 11 til tilfredsstillande djupne. Ved 110/22 er det tilkomst for slamtømming med bil.

Dersom oppsittjarane heller vil montera godkjent renseanlegg ihht til forskrift er det ei løysing som også kan nyttast innanfor planområdet. Avløpsløyningane må vera ihht gjeldande forskrift i Bømlo kommune.

Overvatn

Det vert lagt opp til at overvatn renn frå terreng og til sjø.

25.07.2023

Vidar Onarheim

Planlegg Bømlo AS